

Idrettsskule for born 7-12 år

Eit heilårleg og variert aktivitetstilbod!



Kvam Langrenn- og skiskyttarklubb sin Idrettsskule startar opp igjen **siste veka i mai**. Idrettsskulen er eit aktivitetstilbod der ungane får prøve ut mange ulike aktivitetar og idrettar. Det blir lagt vekt på å skape idretts- og aktivitetsglede, og utvikle ein god grunnmotorikk gjennom lek og aktivitetar tilpassa borna sitt utviklingsnivå.

Kvam LSK har hovudansvar for alle aktivitetane, men nokre av aktivitetane blir gjennomført som eit samarbeid med andre idrettslag/aktivitetsmiljø i Kvam.

Idrettsskulen er:

- For alle born i alderen 7-12 år (fødd i 2011-2016).
- Inndelt i grupper etter alder.
- Forankra i Kvam LSK sitt styre, og følgjer idretten sine barnerettar, med utviklingsplan og bestemmingar om barneidrett.
- Eit lågterskeltilbod der klubben/samarbeidspartnarar held/leiger spesialutstyr som rulleski, skiskyttarvåpen, klatreutstyr med meir.


Tidspunkt, pris og påmelding

Onsdag kl. 18-19 er fast tidspunkt, men nokre gonger kan det vere behov for å utvide økta litt. Før sommaren blir det samling to eller tre gonger, så held vi fram frå skulestart i august og ut oktober.

Idrettsskulen er gratis om du har medlemskap i Kvam LSK. Medlemskap (300,- for enkel/500,- for familie) kjem i tillegg, for dei som ikkje allereie er medlemmer.

Påmelding: Meld deg på i Spond

<https://club.spond.com/landing/courses/kvamlsk/5BB1907D7CF64D048D360BCECE17FFA2>. Spørsmål om Idrettsskulen kan rettast til Signhild K. Dyngen (95143654) Velkomen til eit kjekt og aktivt år!



Våre samarbeidspartnarar:

